

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **25. april 2024** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av leiar Otto Underbakke.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, formannskapssalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – kl. 12.30
MØTANDE MEDLEMMER:	Otto Underbakke (H), Ivar Andre Naustvik (Krf), Arin Eirikssønn (Ap) og Astrid Brommeland (Sp) til og med sak 9
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Michael Willig (SV)
FORFALL:	Ragnhild Sukka (V)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgivevar Sjur Hatlen – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS:	Revisjonsdirektør Rune Haukaas og forvaltningsrevisor Mathushiga Thiyagarajah
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Kommunedirektør Karin Dokken Austvik, kommunalsjef økonomi og organisasjon Torbjørn Guggedal, og leiar av kommunekassen Arnfinn Gundersen
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Sak 9 blei handsama før sak 8. Møtet blei lukka i sak 12 jf. off.l. §13/forvl. §13.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 06/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 15.02.24

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 15.02.24 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.24:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.24

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 15.02.24 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 07/24 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN OM «ØKONOMI OG ORGANISASJON»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tar gjennomgangen frå leiar for økonomi og organisasjon Torbjørn Guggedal om hans arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.24:

Leiar innleia og presenterte kommunalsjef Torbjørn Guggedal. Han viste ein presentasjon og orienterte om resultatområde økonomi og organisasjon. Han viste kommunens organisasjonskart og fortalte om ansvar og oppgåver, om staben med to rådgjevarar på økonomi, budsjett, rapportering, styringsdokumenter, kraft ENØK, næring, miljø og næringsfond.

Kommunekasseraren orienterte kort om prosjektet med bygging ny sjukeheim og avvikling av Vinjarheim, og om oppgåvene til kommunekassen.

Kommunalsjefen og kommunekasseraren svarte på spørsmål frå medlemmene.

Leiar takka for ei interessant og lærerik orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.24:

Suldal kontrollutval tar gjennomgangen frå leiar for økonomi og organisasjon Torbjørn Guggedal om hans arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 08/24 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «FØREBYGGING OG TIDLEG INNSATS»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

1. Suldal kommunestyre tar den framlagde forvaltningsrevisjonsrapporten om «Førebygging og tidleg innsats» til orientering.
2. Rapporten vert sendt øve til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine fem tilrådingar.
3. Kommunedirektøren gir tilbagemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.24:

Forvaltningsrevisor Mathushiga Thiyagarajah viste ein presentasjon og gjorde greie for rapporten. Revisor gjorde greie for føremål, problemstillingar og metode. Ho gjorde vidare greie for hovudfunna i rapporten og kommunedirektøren sine kommentarar.

Det er undersøkt to barnehagar og to skuler i kommunen. Revisjonen meinte kommunen hadde fleire område som kunne forbeholdast og hadde formulert fem tilrådingar.

Medlemmene fekk svar på spørsmål frå revisor.

Leiar takka for ein interessant og utfyllande rapport

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.24 og innstilling til kommunestyret:

- 1. Suldal kommunestyre tar den framlagde forvaltningsrevisjonsrapporten om «Førebygging og tidleg innsats» til orientering.*
- 2. Rapporten vert sendt øve til kommunedirektøren for vidare oppfølging av rapporten sine fem tilrådingar.*
- 3. Kommunedirektøren gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

SAK 09/24 UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2023

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2023 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegg).

Innstilling til kommunestyret:

Suldal kontrollutvalet tilrår at Suldal kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2023.

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.24:

Kommunedirektøren viste ein presentasjon og orienterte om årsmeldinga og gav så ordet til kommunekasseraren som orienterte om årsrekneskapen. Året 2023 hadde vore eit godt år for Suldal kommune med eit netto driftsresultat på 165 mill.kr. som er 20,1 % av driftsinntektene.

Revisjonsdirektør Rune Haukaas orienterte om revisjonen sitt arbeid og at det var avlagt såkalla rein beretning. Kommunedirektør, kommunekasserar og revisor svara på spørsmål.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.24:

Suldal kontrollutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2023 slik den ligg føre

Innstilling til kommunestyret:

Suldal kontrollutvalet tilrår at Suldal kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2023.

SAK 10/24 FORENKLET ETTERLEVINGSKONTROLL 2023

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2023 og revisor si gjennomgang til orientering.

Suldal kontrollutval ber kommunedirektøren gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sine merknader innan 01.09.24.

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.24:

Revisjonsdirektør Rune Haukaas gjorde greie for attestasjonsuttalen. Revisor sin konklusjon var negativ. Revisjonen hadde undersøkt 65 anskaffingar og funne avvik i 25, altså en avviksprosent på 38.

Utvalet diskuterte uttalen frå revisor og bestemte å legge til følgjande setning i vedtaket.
«Utvalet ber revisor vurdere ein tilsvarende etterlevingskontroll innan to år.»

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.24:

Suldal kontrollutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2023 og revisor si gjennomgang til orientering.

Suldal kontrollutval ber kommunedirektøren gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sine merknader innan 01.09.24.

Suldal kontrollutval ber revisor vurdere ein tilsvarende etterlevingskontroll innan to år.

SAK 11/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 25.04.24

08. Statusrapport pr. april 2024
09. Midlertidig skifte av oppdragsansvarleg revisor – brev frå Rogaland Revisjon
10. Representantskapsmøte 26.04.24 – Haugaland Vekst IKS
11. Representantskapsmøte 22.04.24 . Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
12. Generalforsamling 24.04.24 – Haugaland Kraft AS
13. «Motiverte kontrollutvalg – et godt utgangspunkt» - artikkel fra NKRF

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.24:

Sekretær orienterte kort om referatsakene. Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.24:

Suldal kontrollutval tek referat- og orienteringssakene 8 – 13 til orientering.

Sak 12/24 REVISOR SITT NUMMERERT BREV NR. 1

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tar vedlagte nummererte brev nr 1, dagsett 18.03.24 frå Rogaland Revisjon og revisor si gjennomgang i møtet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 25.04.24:

Utvalet vedtok å lukka møtet under handsaminga av saka - jf. off.l. §13/forvl. §13.

Revisjonsdirektøren orienterte om innhaldet i brevet og at dette vil bli følgt opp av kommuneadministrasjonen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.04.24:

Suldal kontrollutval tar vedlagte nummererte brev nr 1, dagsett 18.03.24 frå Rogaland Revisjon og revisor si gjennomgang i møtet til orientering.

YMSE

Ingen saker blei meldt eller tatt opp.

Neste møte: torsdag 13.06.24, kl. 10.00

Saker: presentasjon av ROV, planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, og prioritering av prosjekt.

Sand/Aksdal, 25.04.24

Otto Underbakke
Leiar

Sjur Hatlen
Kontrollutvalssekretær